Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5 | Fylke: Troms
Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Dyrøy
Emne: Vannbæring | Bygdelag: Bróstad
Oppskr. av: Artur Nergård | Gard: Nergård
(adresse): Bróstadbotn | G.nr. 11 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Far 72 år, ~~ny~~ kårmann

SVAR

1/ Bórtreet er oftast slik her at dit kviler på båe akslar og er uthola for halsen, men dit har og vore bruka tre som meir likna på ein kjepp og som ikkje kviler på båe akslar. Tre med reim er ikkje kjent her. Tidspunktet då ein slutta med trebötter til seg ikkje gjere å segje sikkert. Der ein lengst nytta trebötterne, var i fjöset. Dei stod stådigare, så kröttera hadde ikkje så lett for å velte dei. På garden her blei dt lagt inn vatn for kring 40 år sidan. Før den tid bar dei vatn frå it versel (Kjelde) 130-140 m.

2/ Eg har ikkje hört om anna enn bötter til vasshenting. Dit hjalp mot skvulping når ein brukte snó oppi vassbötta. Eit gamalt menneske her i bygda som enno ber vatn, brukar ein trekross i bötta. I mjölkebötter har eg ikkje sett eller hört gjete om slike rådgjerder.

1504

2)

3. Eg har ikkje høyrt om slike skir
4. Den tid di bar vatn, var det helst kvinnene som gjorde det. Eg tala med ei kvinne på kring 80 år om dette (Olianne Ingebrigtsen). Ho vaks opp i grannesoknet vårt, Salangen. Ho seier at kvinnene heldt på med utearbeid mest heile dagen: fjøs-stell og vass-bering og korntresking.
5/6 Når det no hender at det blir vass-laust, anten avdi vatnet frys eller avdi brunnen er turr, så køyrer ein gjerne vatn eller dreg det.
7. Dei fyrste som la inn vatn, tok det inn i fjøset og bar så derfrå vatn til kjøkken. No legg di vatn samstundes til stove og fjøs, og det er berre sjeldan at di ber vatn. Der det ikkje let seg gjere med spring, brukar di pumpe.

1504

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING